

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND [sjurhabring@gmail.com](mailto:sjurhabring@gmail.com)



Utsnitt frå J.M.W. Turners (1775–1851) måleri «The Fighting Temeraire, tugged to her last berth to be broken up, 1838».

## Musikalsk mimring

Framsteg har sin pris, òg for hornistar.

### CD



DUKAS,  
GOUNOD,  
SAINT-  
SAËNS  
MFL.:

### The Horn in Romanticism

STEINAR GRANMO NILSEN,  
HORN; KRISTIN FOSSHEIM, HAM-  
MARKLAVER. 2L 2020

Eit interessant måleri pryder omslaget til hornisten Steinar Granmo Nilsen og pianisten Kristin Fossheims nye plate med romantisk hornmusikk: J.M.W. Turners «The Fighting Temeraire». Kvifor nett dette måleriet? Nilsens informative omslagstekst røper det ikkje. Fantasien min er likevel kveikt, for det høver så godt – av to grunnar.

Det fyrste har med klangfargen til hornet å gjera, som – når det blir spelt så bra som her – lèt djupt romantisk. Klangen varierer mellom det kraftfullt direkte og det dulde og drøymde, eit uttrykksspenn me finn att i romantikaren Turners fargebruk. Det andre som gjer måleriet så passande, har med teknologi og melankoli å gjera, med framstegsoptimisme versus ambivalent attersyn. Dette krev nærare forklaring.

### TEKNISK FRAMSTEG

Nilsen skriv at 1800-talet for hornistane var ein kamp om sjela til instrumentet deira. Det gamle «naturhornet» frå 1700-talet var svært enkelt konstruert – som eit samankveila alpehorn, berre i messing, ikkje i tre. Det er vanskeleg å spela melodiar på slike horn, særleg i det djupe registeret, der ein berre får fram einskilde tonar (naturtonane).

Dette endra seg med oppfinninga av «ventilhornet» på byrjinga av 1800-talet. Ventilane gjorde at ein fekk langt fleire tonar til rådvelde, i tillegg til at klangen blei jamnare gjennom heile registeret.

Eit teknisk framsteg for ei ny tid, altså. Men den nye, glatta klangen – gjekk han ikkje på kostnad av det særeigne ved hornet som instrument?

### SVANESONG

Nilsen spelar både naturhorn og ventilhorn, og akkompagnatøren Fossheim nyttar eit nyrestaurert Leipzig-flygel frå kring 1850. Dei motstridande kjenslene andsynes «utbetringa» av hornet går som ein raud tråd gjennom albumet. Særleg franskmennene kvidde seg for å leggja det gamle naturhornet på hylla. Musikalsk mimring førekjem difor i komposisjonane deira, til dømes i *Villanelle*, som Paul Dukas (1865–1935) komponerte i 1906. Innleiinga skal her spelast med naturhorn-teknikk, noko som resulterer i tydelege «signalmotiv» (slike me kjenner frå jakthorn). Dukas tek så i bruk alle dei tekniske mogleheitene det nye ventilhornet byr på; Granmo Nilsen meistrar desse teknisk krevjande passasjane godt. Men i nokre få lyriske taktar mot slutten smyg Dukas inn eit tilbakeblikk – som i ein svanesong blir me minte om den stolte historia til 1700-talshornet.

Og det er i denne samanhengen eg tenkjer på Turners måleri. Her ser me òg ein gamal æra som blir avløyst av ein ny: Den ærverdige HMS «Temeraire», som under slaget ved Trafalgar kom sjølv admiral Nelson til unnsetning, har i 1838 utspelt si rolle. Teknologien med store segl-krigsskip høyrer 1700-talet til. Det nye hundreåret tilhøyrer dampskipet – som i solnedgangen sleper den gamle elegansen til opphogging.

### SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er muskar, musikkvitar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på [dagogtid.no](http://dagogtid.no)